

## Notat

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Til:** Fylkesutvalet, møte 29.januar 2014

### Eigarutsendingar til «Vår møte» i fylkesutvalet 26. mars 2014

I Eigarmeldinga 2013 går det fram at fylkesutvalet kan be fylkeskommunale eigarutsendingar møte fylkesutvalet for å drøfte eigarsaker i dei konkrete selskapa.

I eigarmeldinga punkt 3.5 heiter det at

*«Utsendingane drøfter saker/ eigarpolitikken i høve kvart enkelt selskap med fylkestinget eller fylkesutvalet på eit eigarmøte minst ein gong for året. Det vert arrangert eit «vår møte» i mars kvart år, der alle eigarutsendingar vert invitert til å møte fylkesutvalet. Tiltrådinga frå fylkesrådmannen er at eigarutsendinga berre møter dersom han eller ho har spesielle saker som bør drøftast med fylkesutvalet. Fylkesutvalet kan også be ein eigarrepresentant om å møte i utvalets.»*

I rutinen for fylkeskommunalt eigarskap heiter det at

*«Drøftingane bør som hovudregel gjelde for aksjeselskap og interkommunale selskap der fylkeskommunen har eit eigarskap på minst 100 000 kr og dette utgjer minst 15 % av eigarskapen i selskapet, eller for selskap med lågare eigardel når det er viktig av strategiske omsyn.»*

«Vår møtet» vert gjennomført under møtet i fylkesutvalet den 26. mars 2014. Eigarutsendingar som fylkesutvalet ber om at møter på «vår møtet» vil bli orientert i eige brev.

Fylkesrådmannen ber no fylkesutvalet klargjere om ein eller fleire av våre eigarutsendingar bør møte på «vår møtet».